■ I stortingsmeldingen om internasjonalisering av utdanningen framheves det at norske universiteter og høgskoler må bli mer attraktive for utenlandske studenter og institusjoner. Men det er også viktig at norske studenter, og ikke minst ansatte, reiser ut.

– Internasjonale perspektiver, språk og kulturforståelse er en viktig del av kvalitetsbyggingen ved våre utdanningsinstitusjoner, sa statsråd Tora Aasland under presentasjonen av stortingsmeldingen.

Sterkere satsning på samarbeid mellom norske og utenlandske læresteder er tiltak som beskrives i meldingen.

## Millionar til fusjon

■ Statsråd Tora Aasland delte ut sju millionar kroner til det nye Universitetet i Tromsø under feiringa av fusjonen mellom den tidligare høgskolen og det gamle universitetet i byen. Fem millionar skal brukast til oppussing og renovering av bygg, medan to millionar vil gå til den nye lærarutdanninga, skriv Nordlys. Statsråden framheva Tromsø som ein føregangsstad for denne typen fusjonsprosessar.

– Vi har aldri hatt ein liknande fusjon mellom eit universitet og ein høgskole som den vi nå har sett i Tromsø, uttalte Aasland til Nordlys.



# Vitskap mot folketry

Enkelte forskrarar har blitt skulda for å vere arrogante og skråsikre i mediedebatten om alternativ behandling.

– Eg synest ikkje vi er bombastiske. Problemet er den store kunnskapsløysa på dette området, seier professor Kristian Gundersen, som har dukka opp i mange kanalar.

TEKST: JOHANNNE LANDSVERK FOTO: ERIK NORRUD





– Etter mitt syn er det viktig å ha ei framtoning som er meir open og dialogisk. Dette vil gjerne ha større gjennomslagskraft i media, meiner medieforskar Trine Syvertsen.

– Eg veit ikkje kva som skjedde, eg evnar ikkje å forklare det. Helseminister Bjarne Håkon Hanssen sit i fjernsynsstudioet og fortel om telefon samtalane med Snåsamannen og om korleis han opplevde at sonen vart kurert for kolikksmerter. Professor Kristian Gundersen, som også er invitert til debatt i «Redaksjon En», verkar opprørd over helseministeren, som seier han har teke eit oppgjer med eigen skepsis. *Hadde vi ikkje brukt vitskaplege metodar, som altså er noko anna enn anekdotar, ville vi framleis ha drive med årelating,* seier Gundersen.

Og det er då helseministeren blir heit i panna: *For min del må du gjerne oppleve dette som ein ubetydlig anekdote i livet mitt, men for meg var det ei ganske skjelsetjande oppleveling. Eg har mitt liv, så får du leve ditt.*

Korleis opptrer forskarane når dei skal forsvare det dei står for i media? Den siste tida har vi vore vitne til tallause fjernsyns- og radiodebattar, avisoppslag, debattinnlegg og kronikkar om Snåsamannen og om healing. Lege og stortingsrepresentant Olav Gunnar Ballo, den påtropande sjefen for Rettsmedisinsk institutt,

har sagt at han trur på dei som hevdar at religiøse bønnevers kan stanse blod. Mange forskarar har reagert, og mange har også delteke i debatten.

#### – Verkar arrogant

Ingen har likevel vore meir synleg i fjernsynsdebatten enn professor Kristian Gundersen.

– Eg har sett eitt av innslaga der han deltok, og der synest eg han verka arrogant, seier Trine Syvertsen, professor ved Institutt for medier og kommunikasjon, Universitetet i Oslo. Ho er også dekan ved Det humanistiske fakultet, og har mellom anna forska på fjernsynshistorie og fjernsynsprogram.

– Eg meiner det er viktig at forskaren deltek i samfunnsdebatten, og eg vil rose Gundersen for at han går inn i ein debatt der han greier å bruke sakkunnskapen sin. Han er dyktig når det gjeld å relatere forskinga til den aktuelle debatten. Men etter mitt syn er det viktig å ha ei framtoning som er meir open og dialogisk. Dette vil gjerne ha større gjennomslagskraft i media, seier ho.

– Er det problematisk for forskarar å tilpasse seg ein mediearena som dette?

– Nei, det synest eg ikkje. Eg trur nok dette var eit unnatak. Som regel er ikkje problemet at forskaren kjem med ein tydeleg og spissformulert bodskap. Det som er meir vanleg, er at forskaren ikkje har medietrenin og difor får sagt altfor lite om ei sak. Det er nok eit større problem at forskaren blir spelt heilt ut på sidelinja i debatten.

#### – Vanskeleg å motbevise

Kristian Gundersen sjølv, som til dagleg er professor ved Institutt for molekylær biovitenskap ved Universitetet i Oslo (UiO), kjenner godt til ein del av kritikken.

– I ein leiar i Aftenposten blir forskarane skulda for å vere for bombastiske. Men eg synest ikkje vi er bombastiske. Eg må registrere det som blir sagt, men problemet er den store kunnskapsløysa på dette området. Om folk hadde fått meir kunnskap om vitskaplege resultat, ville det ha gjort dei mindre sårbar mot humbug, uttaler Gundersen. Han meiner at ein som forskar helst skal kunne uttale seg meir presist enn andre.

– I dette tilfellet kan motparten bare nøye seg med å seie at det er meir mellom himmel og jord enn vi kan forklare. Så eg opplever nok at dette blir rått parti. Problemet er at som forskar skal du stå for det du seier og sjekke at påstandane held vatn. Og det er vanskeleg å uttrykke seg tydeleg og vitskapleg korrekt i løpet av 60 sekund, som er den tida du får i slike debattar. Det blir også vanskeleg å motbevise at Snåsa-

## Enkelte forskarar er så folkelege at det er vanskeleg å sjå kva slags sakkunnskap dei forvaltar.

TRINE SYVERTSEN, professor ved Institutt for medier og kommunikasjon, dekan ved Det humanistiske fakultet, UiO

mannen har overnaturlege evner. Bevisbøra blir på eit vis snudd på hovudet.

– Opplever du at du har nådd fram i debatten?

– Svatet må vere nei, i alle fall på kort sikt. Eg trur det er umogleg å gå inn i ein slik arena og etterpå gå ut og føle at ein har fått bodskapen skikkelig fram. Men det er likevel viktig å delta. Politikarane er trena opp til dette, medan forskarane kvir seg for å delta. Men det må gjeraast, og det er jobben vår.

– Det kunne verke som du dempa deg litt etter kvart, og var mindre krass i den neste TV-debatten?

– Kanskje, men det kan også vere tilfeldig, for då vart det eit betre program og ein betre debatt. Men det kan godt hende at forskarane, for å nå fram, burde lære seg å vere meir sleipe og ikkje alltid seie det dei meiner.

#### – Burde lære seg nokre grep

Medieforskar Trine Syvertsen meiner mange forskarar er dyktige til å formidle kunnskapen sin, samtidig som dei stiller seg opne for andre erfaringar.

– Forskarane som er mest brukte i media, har ofte evne til å alminneleggjere kunnskapen sin og tilpasse han til aktuelle samfunnstema, meiner ho.

## Det blir vanskeleg å motbevise at Snåsamannen har overnaturlege evner. Bevisbøra blir på eit vis snudd på hovudet.

KRISTIAN GUNDERSEN, professor ved Institutt for molekylær biovitenskap, UiO

– Men det kan verke som om avstanden er stor mellom tenkemåten til enkelte forskarar og den folkelege tenkemåten?

– Ja, men her er det stor variasjon. Enkelte forskarar er så folkelege at det er vanskeleg å sjå kva slags sakkunnskap dei forvaltar. Andre verkar meir arrogante. Men eg trur det vanlege er at folk heller oppfattar forskinga som irrelevant enn som negativ, hevdar medieforskaren.

Heller ikkje Harald Hornmoen, førsteamanuensis i journalistikk ved Høgskolen i Oslo, trur det treng å bli så stor avstand mellom forskar og publikum i TV-debattar.

– Forskarane er sosialiserte inn i ein måte å snakke om si eiga forsking på som gjev truverde i eige forskarmiljø og til ein viss grad også i avisene. Men for å kunne appellere til fjernsynspu-

blikum burde forskarane lære seg nokre grep for å overtyde og vinne sympati. Fleire forskarar er blitt flinke til dette, seier Hornmoen, som tidlegare har halde mange kurs i medietrening for forskarar ved UiO.

#### Vinn ikkje sympati med argument

Hornmoen underviser ved masterutdanninga i journalistikk i emnet Språk og diskurs i journalistikken, og nyleg vart den mykje omtalte debatten mellom Bjarne Håkon Hanssen og Kristian Gundersen drøfta på kurset.

– Det er påfallande å sjå at Bjarne Håkon Hanssen tek i bruk ei personleg forteljing når han skal grunngje kvifor han har fått tiltru til Snåsamannen. Måten han fortel dette på, skaper sympati blant sjåarane. Gjennom språket



– Denne sakta viser at forskingsformidling bare er populær så lenge politikarane er einige i forskingsresultata, hevdar professor Kristian Gundersen. Her i laboratoriet sitt ved Institutt for molekylær biovitenskap.



– Som regel er ikkje problemet at forskaren kjem med ein tydeleg og spissformulert bodskap, men at forskaren blir spelte heilt ut på sidelinja i debatten, seier professor Trine Syvertsen.

sitt appellerer han til kjensler og skaper truverde gjennom å fortelje ei personleg historie. Den personlege forteljestilen gjer at dette verkar nært. Det angår oss. Gundersen derimot gjer som mange andre akademikarar. Han prøver å overtyde ved å argumentere rasjonelt. Det er sjølvsagt ikkje noko gale i dette, men i fjernsynssamanheng kan det lett verke doserande og arrogant å bare bruke ein argumenterande diskurs, seier Hornmoen.

#### – Forskarar må vise respekt

Kjell Lars Berge, som er professor i tekstvitsskap ved Institutt for lingvistiske og nordiske studier ved Universitetet i Oslo, meiner forskarane må bli flinkare til å tenke over korleis dei opptrer i

det offentlege rommet.

– Men mange er sjølvsagt flinke. Likevel trur eg nok humanistar er dei dyktigaste til å møte mediesamfunnet.

– Men kva er truverdig oppførsel i ein fjernsynsdebatt?

– Det er i alle fall ein svært dårleg retorikk å vere arrogant eller overlegen. Slik åtferd overtyder dei færreste. Når det gjeld Gundersen, har han i utgangspunktet solid truverde. Han treng difor ikkje bygge ut denne endå meir, seier Berge.

Han har likevel inga tru på at TV-debattar kan føre til sterke uvilje mot forskarstanden.

– Nei, akademikarforakt trur eg ingenting på. I den vestlege verda finst det ingenting som er så sterkt og stødig som vitskapen. Vitskapen

er omgjeven av ein enorm prestisje, og blant folk flest er det store forventningar til at forskarane skal løyse alle gåter.

Men Berge synest at akademikarar bør vise større respekt for at det også finst ei eksistensiell side ved tilvertet.

– Mange menneske har enorme forventningar til at legane skal løyse problema deira, og forskarane må ta inn over seg at mange menneske søker etter andre forklaringsrammer når ikkje legevitskapen kan hjelpe dei. Det er viktig at forskarane opprettheld ein del kvalitetskrav, som krav til etterprøving. Men eg meiner dei bør vere tydlegare på at vitskapen har ei grense. Dei kan ikkje gje folk evig liv. Eg er oppteken av å skilje mellom vitskap og livsåskoding. Vitskapen kan ikkje løyse eksistensielle spørsmål.

#### Ikkje alt let seg forklare

Som tidlegare nemnt synest medieforskar Trine Syvertsen at mange forskarar viser evne til å tilpassa seg media. Men ho er oppteken av at forskaren ikkje berre skal synleggjere det ein veit. Det er mange ting vitskapen ikkje kan gje svar på.

– Mitt forskarideal er den forskaren som greier å relatere kunnskapen sin til aktuelle samfunnsspørsmål i media, men som likevel ikkje står fram som allvitande og alltid får siste ordet i debatten.

**Akademikarforakt trur eg ingenting på.  
I den vestlege verda finst det ingenting  
som er så sterkt og stødig som vitskapen.**

KJELL LARS BERGE, professor i tekstvitsskap ved Institutt for lingvistiske og nordiske studier, UiO

# Gundersen gjer som mange andre akademikrar. Han prøver å overtyde ved å argumentere rasjonelt.

HARALD HORNMOEN, førsteamanuensis i journalistikk ved Høgskolen i Oslo

Også Torunn Janbu, president i Den norske legeforening, som sjølv har delteke i fjernsynsdebatt i lag med Snåsamannen, meiner det er viktig å vedgå at det er mykje legevitskapen enno ikkje har forstått.

– Det er viktig å få fram at legevitskap ikkje berre er teoretisk kunnskap. Legekunsten innehold mykje opparbeidd erfaring – som det å kunne sjå heile menneske, vise omsorg, lytte og å vedgå at ikkje alt let seg forklare.

Janbu synest sjølv at ho opplevde å bli hørt i debatten.

– Eg tenker at når ein kjem med ei god forklaring på sin på eigen ståstad, blir ein respektert. Men dette betyr ikkje at ein blir einige. Eg forstår at nokon vel å oppsøke alternativ i vaniskelege situasjonar. Men eg er oppteken av at behandlinga som helsevesenet tilbyr skal vere trygg, forvarleg og så godt vitskapleg foran kva som mogleg. Vi ser at enkelte alternative behandlarar utnyttar menneske.

## – Mange sleipe politikarar

Kristian Gundersen meiner han har lært mykje av å stille opp i TV-debattane.

– Eg har nok blitt meir driven. Og i slike debattar blir ein stilt opp mot sterke maktstrukturar i samfunnet. Det er eit politisk spel, og det har vore interessant å sjå kor sleipe mange politikarar er. I denne saka er det også snakk om sterke pengeinteresser, for det norske folk bruker seks milliardar kroner i året på alternativ behandling. Dessutan handlar det om ei stor pasientgruppe som kjenner seg latterleggjort

og som på denne måten kjem i forsvarsposisjon overfor forskaren.

Men ønsket frå samfunnet om meir forskingsformidling har forstumma heilt i denne saka, meiner Gundersen.

– Det har vore forska mykje på healing og alternativ medisin. Om enkelte forskingsresultat kan vere positive, er resultata samla sett negative. Men det har vore lite interesse for å høre om denne forskinga. Forskingsformidling er bare populær så lenge politikarane er einige i forskingsresultata, hevdar professoren.

## Forskarane har plikt til å delta

Kjell Lars Berge har jobba mykje med korleis vitaksretsretorikk kan gjerast tilgjengeleg i forhold til ålmenta.

– Ikkje minst innanfor naturvitenskapen har ein arbeidd med å få fram gode forskarar, men dette har gått ut over formidlinga. For å vere ørleg, er det som kallast formidling stemoderleg behandla, også frå regjeringa si side. Tora Aasland trur at tellekantsystemet kan løyse finansieringa. Difor diskuterer ein tellekantalkylar ved universiteta i staden for kva det inneber at universiteta er forplikta til å formidle og delta i samfunnet. Han meiner at institusjonane i større grad blir nøydd til å utvikle ein felles arena mellom akademia og samfunn.

– Formidling handlar ikkje først og fremst om å skrive kronikkar i Aftenposten, men om å delta i radio og TV-debattar, lage gode, tilgjengelege bøker og halde foredrag når ein blir spurt. Vi sit på kontora våre og forskar, men vi skal

## Bør forskarane bli flinkare til å tilpasse seg TV-mediet?



**BERIT KJELDSTAD**  
Professor og instituttleiar ved Institutt for fysikk, NTNU

– Ja, forskarane må prøve å tilpasse seg ulike medium, og då er medietrening viktig. Samtidig kan ein ikkje forvente at forskarane skal vere profesjonelle medieaktørar.



**GUNN BJØRNSEN**  
Stipendiat i journalistikk ved Høgskulen i Volda/Universitetet i Oslo

– Både ja og nei. Eg trur at ein lett undervurder sjåarane i det tabloide mediet. Samtidig kan nok dei fleste forskarar bli flinkare til å formidle i eit enklare språk og ta færre etterhald.



**MAGNE ARVE FLATEN**  
Professor og instituttleiar ved Institutt for psykologi, Universitetet i Tromsø

– Ja, ein bør kunne uttrykke seg kort og klart, og ikkje bruke eit språk som berre er berekna for fagfolk. Dersom forskaren tek eit klart standpunkt, kan han ikkje få fram alle nyansane i ein fjernsynsdebatt. Folk flest forstår dette.



Han har fått mange reaksjonar etter dei mange TV-debattane. – Det har vore fleire hat-mail enn fan-mail, for å seie det slik, uttaler professor Kristian Gundersen.

faktisk også tene det norske samfunnet. Forskarane har plikt til å delta i den offentlege samtalene, seier Berge.

Han trur at mange forskarar er sjokkerte over den låge intellektuelle standarden på debatten.

– For mange forskarar er det sjokkerande at ein del uvitskapelege synspunkt ser ut til å få legitimitet. Dette gjeld ikkje bare eit område som healing, men i Noreg finst det for eksempel ekstreme synspunkt innanfor klimaforsking. Eg meiner Aftenposten av og til slepp til reine og skjære humbugmakarar som ytrar seg om klimapolitikk. Og vi ser det i evolusjonsdebatten i USA, der president Bush kunne gi legitimitet til kreasjonsteorien som har utspring i religiøse miljø. Når vitskap blir politisert, bør forskarar vere på vakt og reagere tydeleg, understrekar han til slutt. ■

SVERIGE



## Forelesere får karakterer

■ På den svenska nettsiden StudenterTyckerTill.se, kan studenter gi karakterer til sine forelesere, opplyser det svenska Högskoleverket. Hver måned kåres «Månedens foreleser». Målet er å gi framtidige studenter bedre veiledning og samtidig stimulere til kvalitetsutvikling, uttaler grunnleggeren av nettstedet, Mikael Ghebrehiwet i en pressemelding. Tjenesten har allerede fått kritikk for at enkeltlærere kan føle seg uthengt. På samme nettside kan studenter også gi fagene de tar karakterer.



FRANKRIKE

## Protestene fortsetter

■ Innføring av nye reformer har ført til streiker og demonstrasjoner hvor titusener forskere, lærere og studenter har vært involvert, opplyser University World News. Den ene reformen gjelder økt autonomi ved universitetene. Ansatte frykter usikre vilkår, kortvarige kontrakter, mer undervisning og mindre forskning, ifølge avisa The Connexion. Den andre reformen er en ny femårig lærerutdanning. Her blir det mer teori på bekostning av praksis. Da Forskerforum gikk i trykken var det planlagt nye aksjoner.



EU

## Mindre attraktive forskningsmidler

■ – EU risikerer at forskere ikke vil søke europeiske forskningsmidler fordi søkerprosessen er så omstendelig, mener medlem av Europaparlamentet, Inge Gräßle, ifølge nettstedet EurActive.com. Den administrative byrden som plasseres på søkerne, gjør det kostbart og tidkrevende å søke europeiske midler. Forskerne velger heller å søke nasjonalt. Da kan det bli mindre europeisk forskningssamarbeid. For å forhindre dette foreslår Gräßle en ny to-trinnsprosess, der det først sendes en mer generell beskrivelse av prosjektet. Hvis saksbehandlerne synes den er interessant, kan de be om å få en mer omfattende søknad.

SVERIGE

## Høgskoler for lite likestilte

■ Den svenske regjeringen har nedsatt en delegasjon som skal jobbe for å gjøre høgskolesektoren mer likestilt. Prosjektet har fått 60 millioner svenske kroner, opplyser Utbildningsdepartementet. – Høgskolen har i dag et dobbelt likestillingsproblem. Blant professorer og andre i høyere stillinger dominerer mennene kraftig, og forandringstakten er uakseptabelt langsom. Men i grunnutdanningen er trenden at menn velger bort høyere utdanning. Over 60 prosent av studentene er kvinner, og det er heller ikke holdbart i lengden, sier høgskoleminister Lars Leijonborg (bildet). Delegasjonen skal foreslå tiltak og fordele penger til ulike satseringer.



DANMARK

## Trenger flere kvinnelige forskere

■ Det er noe galt når det ene kjønn stort sett velger bort forskerkarrieren, påpeker den danske vitenskapsminister Helge Sander. Sammen med representanter fra universitetene, forskningsrådssystemet og næringslivet vil han drøfte hva som kan gjøres for å få flere kvinner i forskning. – Hvis vi skal klare oss i den globale konkurransen om vitenskap, så må vi ha alle talenter i spill, sier Sander. I tillegg er det viktig å sikre det enkelte menneske gode karrieremuligheter – uansett kjønn, skriver Ministeriet for Videnskab, Teknologi og Udvikling på nettstedet vtu.dk.



SVERIGE

## Utenlandsk dominans på master

■ Statistikk fra det svenske Högskoleverket viser at det knapt finnes svenske studenter på mange av de toåriges masterprogrammene som ble innført i 2007, etter Bologna-prosesen. Masterprogrammene ved Kungliga tekniska högskolan og høgskolene i Gävle, Halmstad og Blekinge domineres av utenlandske studenter. Dette er studenter som er i landet gjennom et utvekslingsprogram eller som tar hele studiet i Sverige av ulike årsaker. Andelen utenlandske studenter avhenger naturligvis av om undervisningen gis på engelsk, opplyser Högskoleverket. I tillegg kan tilstrømmingen forklares med at utdanningstilbuddet er avgiftsfritt.

STORBUTANNIA

## Mobilitetspress hindrer kvinner

■ Kvinner gir opp forskerkarrieren på grunn av mobilitetspress, skriver The Times Higher Education. Forskere forventes i stadig større grad å ha en karriere med jobbing i flere land. En ny rapport presentert av organisasjonen Universities UK viser at økte krav om forskermobilitet kan tvinge kvinner til å velge mellom barn og karriere. Særlig gjelder dette kvinnelige forskere gift med menn i samme yrke. Disse velger ofte å bli med mannen ut og legge egen karriere på hyllen en stund, mens de får barn. Da kan det være vanskelig å returnere til en forskerjobb etterpå. For å unngå at karrieren ødelegges velger dessuten noen kvinner bort barn, hevdes det i rapporten.




USA

## Blogging på øverste nivå

■ Blogging i UH-sektoren blir stadig viktigere, også på ledernivå. The Chronicle of Higher Educations seksjon for teknologinhetter, The Wired Campus, har invitert Lev Gonick, informasjonsdirektør ved Case Western Reserve University i Ohio, til å blogge under tittelen *Blogging, University Culture, and the Leadership Challenge*. Gonick har også

en annen blogg, *Bytes From Lev*, som han bruker aktivt for å kommunisere med sine medarbeidere, lokalsamfunnet og for å opplyse politikere og beslutningstakere om hvor viktig teknologi er for USAs konkurransedyktighet. Og bloggen blir lest. Gonick forteller at han hver uke blir kontaktet av folk som har reaksjoner på det han skriver.



CANADA

## Skal male gamle bygg

■ Canadiske universiteter med sin stadig eldre infrastruktur har mottatt en lovet pengeinnsprøyting som tilsvarer om lag 11 milliarder norske kroner. Dette er en del av en femårig krisepakke på ca. 465 milliarder målt i norske kroner, som myndighetene har lovet. Universitetene i Canada er ikke alene om å be om økte offentlige midler for å forbedre bygninger og infrastruktur under finanskrisen. Det samme har læresteder over hele verden gjort, blant annet i USA, Storbritannia, Australia, New Zealand og Sør-Afrika, opplyser Universityworldnews.com.



AFRIKA

## Ny forskningsportal

■ En ny nettbasert søkeportal med navnet HERANA Gateway skal gi tilgang til det siste innen forskning på fellet høyere utdanning i Afrika, opplyser Universityworldnews.com. Søkeportalen skal gi et mer presist resultat enn generelle søkerjenester. Portalen er en del av nettverket HERANA (Higher Education Research and Advocacy Network in Africa), som Centre for Higher Education Transformation (CHET) i Cape Town står bak. Gateway-portalen er et viktig bidrag i CHETs arbeid med å gjøre forskningsresultater tilgjengelige for politikere og andre beslutningstagere.

KINA

## Resesjon kan påvirke verdens universiteter

■ Dersom Kina går inn i en resesjon, kan det bli en stor trussel mot høyere utdanning i mange land, skriver Guardian.co.uk. I Australia startet studieåret i februar, og det er det første opptaket etter at finanskrisen satte inn. En tydelig trend her er at studenter fra Kina, Korea og Japan sier fra seg sine plasser. Dette vil føre til store inntektstap. I Storbritannia har mange læresteder vært vant til faste inntekter fra utenlandske studenter, men den tiden kan nå være over. I USA ser man også tegn til at det vil bli færre utenlandske studenter framover.



JARLE AARBAKKE<sup>1</sup> TRUR HEALING KAN VERKE.  
HAN SER HÅP FOR NORD-NOREG OG MILLIARDAR I REKESKAL.

# MARATONMANNEN

JARLE AARBAKKE I SAMTALE MED PER ANDERS TODAL.  
FOTO: ERIK NORRUD

Tittelen lyg, som titlar flest. Hofta har for lengst sett ein stoppar for den korte maratonkarrieren hans,<sup>2</sup> men Jarle Aarbakke er enno ein uvanleg travel og seig mann: universitetsrektor i Tromsø, leiar for Universitets- og høgskolerådet, leiar for Nordområdeutvalet, leiar for ei utgreiing om toppforskning i Danmark.

– Du var ein dugande farmakolog ein gong. Det er utruleg kva folk tek på seg berre for å sleppe å forske?

Aarbakke ler nesten blygt.

– Auda. Vel, eg har i grunnen ikkje tenkt på det som eit fluktprosjekt. Da eg vart spurd om å stille til rektorvalet i 2001, trudde eg ikkje eg hadde ein sjanse. Eg hadde arbeidd med faget mitt i 25 år, og eg saknar mykke med det. Men det var eit tungt ansvar å sikre at studentane fekk gjennomført prosjekta sine og fekk inn artiklane sine i gode tidsskrift. Den bekymringa saknar eg ikkje. I ettertid ser eg at det ville ha vore tungt å halde fram.

– Med så mange verv må du ha ein del Grønlandsis på samvitet?

– Eg bed om nåde. Men eg reiser ikkje med einmannsfly.

Vi får ta metaperspektivet først. Som UHR-leiar skal Aarbakke vere feltherre for Forsknings-Noreg. Eller lagleiar, som han kallar det.

– Ein medlem er UiO med 30 000 studentar, andre medlemmer har 200 studentar. Da må vi finne ut kva vi er samde om å fronte overfor storting og regjering. Det er ikkje enkelt å vere statsråd for oss. Ikkje før har ho fått til eit budsjett, så må eg seie: «Dette er bra – men ...». Hovudstrategien er å rykke fram på brei front. Det er lett å falle for freistinga til å vere tabloid, dagsaktuell og politisert i krava. Men vi bør ikkje hoppe etter gulrøter, men argumentere konsekvent og byggje Stein på Stein.

– Du skal vere av dei beste i Forsknings-Noreg på politikarkontakt. Er det sjarm eller gode argument som gjev gjennomslag?

– Det må vere dei gode argumenta.

– Men du og Øystein Djupedal kom ikkje alltid godt overeins?

– Djupedal er vel den mest sjanselause forskningsministeren vi har hatt. Han skulle forvalte ei svært barnehagesatsing og samtidig møte krava frå høgare utdanning og forsking. Men eg synest han kunne innromt i ettertid at det såkalla kvileskjeret i forskningsløyvingane var eit feilskjer. I siste intervjuet eg såg, angra han ingenting. Det forundrar meg.

– Kven av dei norske politikarane har djupast forståing for verdien av forsking?

– Odd Einar Dørum skil seg ut. Han er i ein nasjonal særklasse fordi han har eit langvarig engasjement, som kjem frå djup interesse og hardt arbeid.

– Eg må spørje om denne greia med deg og rekeskala.

– Eg hadde eit spørsmål eg brukte stille til politikarane: Kva kostar 25 milliardar per kilo og er utvikla ved ei bedrift sprunge ut av Universitetet i Tromsø? Svaret er eit enzym basert på eit gen frå rekehovudet.

– Rekeforteljinga nådde Ap-landsmøtet i 1998. Thorbjørn Jagland trekte ei reke ut av lomma og fortalte om milliardar. Eg reknar med du var kjelda.

– Det håpar eg at eg var, men det kan også ha vore andre.

– Du blir sagt å ha eit bra næringslivsnettverk òg. Får du lirka ut av direktørkompisane dine kvifor dei ikkje satser meir på forsking?

– Dei meiner jo sjølv at dei satsar på forsking. Men petroleumsbransjen og dei marine næringane er ikkje så forskingsintensive i høve til innteninga si. Det er eit problem for oss som nasjon. Korleis førebud vi oss på ein økonomi som ikkje er dominert av fossilt brensel? Burde ikkje StatoilHydro satse meir på å utvikle alternative energiformer?

– Når ein ser på tv-reklamane, skulle ein tru dei knapt dreiv med anna.

– Men retorikken til side er nok StatoilHydro veldig fokuserte på kjerneverksemda si. Eg skjøner at eit selskap tenkjer slik, men samfunnet har ikkje råd til å drive berre med kjerneverksemdu. Veit du forresten kva skilnaden på grunnforskning og anvendt forsking er? Det er at grunnfor-

1 Jarle Aarbakke (66) har vore rektor for Universitetet i Tromsø sidan

1. januar 2002. Han er oppvachsen i Bergen, og studerte medisin i heimbyen. Aarbakke har vore professor i farmakologi og dekan ved Medisinsk fakultet ved Universitetet i Tromsø. Ein fagleg kjephest for han er bioprospektering – jakta på nyttige gen og molekyl i levande skapningar.

2 I maratongjengen som sprang turar kring Tromsøya kvar laurdag, var blant anna legen Mads Gilbert. Mange år etter hamna løpekameratane på kvar si side i debatten om Tromsø-OL – Aarbakke som ivrig tilhengar, Gilbert som intens motstandar.

sking er så mykje meir anvendeleg.

Sjølv om Aarbakke er kjend for gode talegåver, er det ikkje alltid lett å få tak på essensen i talane hans.

– I 1997 leia du Aarbakke-utvalet som laga ein rapport om alternativ medisin. Der stod det: «Effekt av healing kan ikke avvises, men en eventuell virkningsmekanisme er ukjent». <sup>3</sup> Er det slik med effekten av deg òg?

– Sjølv for godkjende legemiddel kan mekanismene vere uklåre. Og effekten vi menneske har på kvarandre, er samansett. Men eg har opplevd at når eg skal skrive eit samandrag av noko eg har sagt, er det ikkje alltid lett å rekonstruere. Når eg snakkar, vil eg ikkje at det skal vere heilt trygt for meg. Det blir betre kontakt med ei forsamling da.

Den andre og siste rektorperioden til Aarbakke ved UiT skulle ha vore over i år. Men grunna samanslåinga med Høgskolen i Tromsø, som fann stad 1. januar i år, vart rektoralet fram-skunda til 2008. Han vart vald for tredje gong. Det provoserte mange. «Forstemmande», skreiv tidlegare rektor Tove Bull.

– Det bør vere utskifting i leiarstillingar, og eg har stor forståing for dei prinsipielle motargumenta. Eg tykte i grunnen eg hadde gjort nok. Universitetet var betre enn nokon gong, eg kunne spasert inn i aftenson- gen og vore nøgd. Men eg vart oppfordra til å stille av ein formell komité og mange i fagmiljøa. Så tenkte eg: Dette er viktig, sidan så mange bryr seg. Eg stiller. Det var ein fair valkamp, og dei tinga som eg var mindre glad for, kom ikkje frå motstandarteamet, seier Aarbakke.

– Du fekk ganske beisk kritikk frå andre?

– Eg vil ikkje gå inn på det, men ikkje alt som kom, var like glupt. Men motkandidat Trude Haug og teamet hennar var førebileteleg ryddige.

– Grepet ditt minnar om Milosevic: Da han hadde sitte så lenge grunnlova tillet som serbisk president, vart han president for den nye jugoslaviske føderasjonen?

– Vel, vi har ikkje endra lova, så parallelleln er därleg. Og det var ikkje min ide.

– Studentane avgjorde valet til din fordel. Neppe fordi du har gjeve dei treffidt 07.15 om morgenon?

– Det er ikkje berre da eg møter studentane. Men eg fekk eit gledeleg tillitsvotum frå studentane. Eg synest det er moro å snakke med studenter, dei tenker annleis. Eg veit jo allereie korleis jamaldringane mine tenkjer.

– Samanslåinga med Høgskolen i Tromsø var ein ide som lenge låg brakk. Så var det brått gjort?

– Prosessen vart sett i gang av rektorane Tove Bull og Lisbet Ytreberg i 1999. I første rektorperioden min gjorde eg lite for fusjonen, fordi



UiT trong å bli betre på forsking. Eg tykte ikkje vi hadde mykje å vise for oss. Men frå hausten 2006 skjedde ting raskt. For meg var den avgje-rande skilnaden at vi da hadde styrkt forskinga. No er eg ein entusiast. Saman får vi større kraft, og kan bruke ressursane meir rasjonelt. På sikt er eg sikker på at god forsking vil springe ut av samværet til forskarar med ulik bakgrunn.

– Har du opplevd at UiT har vore sett på med nedlatande blick av dei andre universiteta?

– Det ville i så fall vere særstapteleg. Men eg har ikkje merka slikt, kanskje fordi eg er så langt nord? Framståande forsking finst òg ved mindre institusjonar, og i internasjonale samanlikninga kjem Tromsø godt ut. Rankinglister er elles noko som tek frå mange universitetsrek- torar nattesøvnen. Slike rankingar er sørgeleg uvitskaplege og tabloide. Men slik Dagbladet er mot prestar og for kvinnelege prestar, er eg mot rankingar, men for dei der UiT gjer det godt. Tromsø er ranka bak Oslo og Bergen, men fram-for NTNU. Men det er meiningslaust for norske universitet å kjempe for å vere blant dei hundre beste i verda. Andre kriterium avgjer om dei gjer nyttig jobb i samfunnet.

– Du taler varmt for UiT som breiddeuniversitet. Kunne de ikkje stått ster- kare om de vart eit nisjeuniversitet med profil knytt til kor de er i verda?

– Opprettninga av universitetet handla om å gje eit breitt utdannings- tilbod til nordnorsk ungdom. Det er oppfylt: Du kan studere nesten alt i Tromsø. Du kan tilmed bli prest og organist der. Og det er bra. Om 20

år trur eg nok vi har ein skarpare profil. Men det er eit mål i seg sjølv å ha eit breitt tilbod i Tromsø.

I 2006 vart Aarbakke fadder for Jonas Gahr Støres kjærleiksbarn, Ekspertutvalet for nordområda. Han har sjølv blitt glad i barnet.

– Dette grepet har noko genialt ved seg. Det løftar fram ting i ein heil-skap. Får vi til dette, kan vi sjå overvaking av svære landområde, forvalting av ressursar, internasjonal forsking og næringsutvikling i eit samla perspektiv.

– Ivan Kristoffersen har skrive i Nordlys: «Nordområdet utvalget er uten legitim, politisk forankring i landsdelen. Det er ikke akademikernes oppgave å drive landsdelpolitikken.»

– Dette må forankra betre hos befolkninga. Eg trur ikkje den jamne innbyggjar i nord har noko eigarforhold til dette. Men Ivan let som om han ikkje veit at dette er forankra i politiske prosessar – i kommunar, fylke og sameting. Utvalet er sett saman av folk som kan gje formuftige innspel til politikk og embetsverket. Så kan dei blankt avvise råda vi kjem med. Ivan har svinga seg til retoriske høgder utan stor argumentasjonskraft.

– Nord-Noreg har lang historie som koloni der folk utanfrå har henta res- sursar. Er nordområdesatsinga eit nytt kolonistyre drive fram av lord Jonas?

– Det er allereie mange internasjonale og kommersielle interesser for nordområda, og utvalet har i mange høve spelt inn eit «homeland»-perspek- tiv. Vi skal utvikle ressursar på havet, i havet og under havet. Men til sjuande og sist handlar det om å utvikle norske samfunn.

– Vestlandet har fått store ringverknader på land av olje og fiskeri. I Nord-Noreg er filetfabrikkane nedlagde, Melkøya er ein romstasjon, Goliat blir ein kork på havet.

<sup>3</sup> Lenge før debatten om Snásakallen, skreiv utvalet at healing (inkludert fjernhealing) ikkje berre kan verke på menneske, men òg på enzym, plan- ter, gjærsopp, kreftceller og mus.



– Tenkinga er vesentleg endra sidan oljeverksemda starta i Nordsjøen. Dei krava som kunne få gjennomslag på 70-talet, går ikkje i dag. Filialiseringsspørkset vil alltid sveve over slike store prosjekt. Men ein får ikkje regional tilslutnad til oljeutvinning i Lofoten og Vesterålen utan at det gjev gode regionale ringverknader.

– Peak oil står for døra, og vi veit jo at Lofoten og Vesterålen blir opna for oljeutvinning?

– Nei, eg meiner det er uvisst. Ap seier at kunnskap skal få avgjere dette i 2010, og det trur eg på.

Dialektene er bergensk, men etter drøye 30 år i Tromsø er det der Aarbakke er heime.

– Nordlys-redaktøren seier at han reknar deg som naturalisert tromsøværing.

– Det blir eg glad og rørt av å høyre. Men eg kjenner meg slik sjølv. Mentaliteten der er sær open og inkluderande. Trass i den forferdelege skarre-r-en min har eg enno ikkje opplevd å bli halden ansvarleg for herjinga til hanseatane.

– Men Nord-Noreg slit på skulen. Dei tre nordlegaste fylka har den lågaste fullføringsgraden i vidaregående, særleg gutane. Er det noko utdannings-

fiendtleg i kulturen i Nord-Noreg, eller er utdanningskulturen Nord-Noreg-fiendtleg?

– Det er veldig alvorlege tal. Mange fell ut av samanhengar dei gjerne ville vore med i, og det blir asymmetri mellom høgt utdanna kvinner og lågt utdanna menn. Utdanninga må bli meir Nord-Noreg-relevant. Det må vere forbunde med stoltheit å vere god på fiske, havbruk, petroleum, reindrift og gruve drift – og utdanning og forsking. Lokal og regional historie er òg verd å fortelje om. Kanskje bør elevane lære mindre om Napoleonskrigane og meir om trestammarsmøtet i nord?

Men å gje skulen på båten kan òg vere eit rasjonelt val, vedgår rektoren.

– På grunn av naturrikdomen har det vore lett å forsørgje seg og sine gjennom fiske. Dette bør du ikkje skrive, men ein ung mann på Yttersida kan tene betre enn mine best betalte professorar.

– Det kan eg vel skrive. Er du redd for at professorane dine skal bli sjarkfiskarar?

– Neida. Det er mindre sjansar for å bli borte på havet om du er professor i juss. ■

**HVEM:** Marie Strand Skånlund er stipendiat ved Norges musikkhøgskole og tilknyttet Senter for musikk og helse gjennom sitt doktorgradsarbeid.

**HVA:** Hver tredje nordmann bruker en form for personlig musikkspiller, som mp3-spiller eller iPod. Musikken stenger folk inne i elektroniske «bobler» som hjelper dem til å holde kontrollen på eget liv.

**HVORDAN:** Ved å intervju et tjuealls personer innhenter Skånlund informasjon som skal bidra til økt innsikt i sammenhengen mellom mp3-bruk og helsemessige gevinster.

TEKST OG FOTO: ELLEN MARIE ANDERSEN

# Egenomsorg på

Etter litt over et halvt år med doktorgradsarbeid overrasker det Marie Strand Skånlund hvor avhengige folk er av mp3-spilleren sin. Selv har hun et mer nøkternt forhold til spilleren sin og setter seg heller ned ved pianoet når hun vil ha en pause.



**PROSJEKT:** «Mp3-bruk som medium for musikalsk egenomsorg». **INSTITUSJON:** Senter for musikk og helse, tilknyttet Norges musikkhøgskole. **FAGRETNINGER:** Musikkterapi, musikksosiologi, musikkpsykologi og medievitenskap. **FINANSIERING:** Norges musikkhøgskole. **ARBEIDSFORM:** Kvalitative dybdeintervjuer med personer i Oslo-området over 18 år, med variasjon i kjønn, bakgrunn og alder. **UUNNVÆRLIGE VERKTØY:** iPod til lydoppptak. **PUBLISERINGSFORM:** Doktorgradsavhandling, vitenskapelige artikler underveis og presentasjoner på konferanser. **NY KUNNSKAP:** Personlig musikk er svært verdifullt for folk, og flere utvikler et avhengighetsforhold til musikkspilleren sin. Musikken blir et verktøy som gjør at de opplever mer kontroll over tilværelsen, omgivelser og i forhold til egne tanker og stemninger.

# øret



iPod og mp3-spillere isolerer flere og flere fra omgivelsene rundt dem. Brukerne selv ser ikke noe negativt i det.

«Folk går tur med bikkja, jeg går tur med iPod-en.» En kvinne på 27 forklarer sitt forhold til noe av det kjæreste hun eier: sin bærbare digitale lydavspiller der hun har lastet inn alle sine favorittsanger.

– For denne informanten, og de andre jeg har intervjuet, betyr mp3-spilleren veldig mye. De får selskap i musikken. Fremfor å ta følge med en venn, tar de følge med musikken, sier stipendiat Marie Strand Skånland. Hun forsøker på sammenhengen mellom musikk og helse og mp3-bruk.

– Musikk blir for mange et verktøy for å kontrollere tanker og følelser. Ved hjelp av musikken klarer de å stenge omgivelsene ute og danne seg et eget privat rom, sier hun.

## Kontroll over følelseslivet

Dramatisk sang fra noe som kan minne om en operette høres ute i gangen. Skånland har invitert oss inn på sitt kontor i 2. hus ved Musikkhøgskolen i Oslo.

– Det ser ut til at mp3-spillere bidrar til bedre livskvalitet og psykisk velvære hos folk. Brukerne opplever mindre stress i situasjoner der de vanligvis vil føle belastning. Dersom de er i en negativ spiral eller har en dårlig dag, kan de jobbe seg igjenom det med musikken. Å reise med en trang buss til jobben blir plutselig en positiv opplevelse, sier Skånland.

Du ser dem overalt – på bussen, i byen og på jobben: mennesker som lytter til musikk, som kun de selv kan høre. Tall fra Statistisk sentralbyrå viser at en av tre bruker mp3-spiller, opplyser Skånland. I sitt prosjekt ved Senter for musikk og helse fokuserer hun på sinnsstemninger, energi, fokus og hvordan man opplever seg selv i forhold til omverdenen ved bruk av mp3-spiller.

Skånland belyser hvordan mennesker bruker musikk fra mp3-spilleren for å regulere seg selv i hverdagen. Hun mener spilleren kan brukes som en mestringsstrategi i en hverdag med mange inntrykk.

– Brukere benytter musikken bevisst eller ubevisst som egensorg for å ivareta sitt fysiske og psykologiske velbefinnende. Musikken fungerer som et verktøy for å ha kontroll over følelseslivet. Egne tanker får fritt utløp, sier Skånland.

## Distraksjon

Mp3-spillere danner teknologiske «bobler» rundt menneskene som bruker dem, og fører dermed til isolasjon fra den menneskelige interaksjonen. Folk danner seg et privat rom ved å kontrollere verbal og ikke-verbal kommunikasjon med andre. Mange føler seg tryggere ved å stenge ute omverdenen, som man i utgangspunktet ikke har herredømme over.

– Brukerne oppnår sosial kontroll, de får mulighet til å konsentrere seg om egen sinnstilstand og å mestre vanskelige emosjonelle opplevelser i situasjoner der de ellers ville følt seg sårbar, sier Skånland. Hun mener at de fleste har et ubevisst forhold til hvilken virkning bruk av mp3-spillere har på eget liv og helse.

– Mp3-spillere blir nok først og fremst brukt fordi brukerne liker å høre på musikk, og dessuten til å stenge ute støy og mas, for eksempel når de er på vei til og fra jobb.

Men flere Skånland har snakket med innser hvor viktig rolle spilleren har i deres liv. De som oppgir at de har et bevisst forhold til mp3-spilleren sin, er klar over at de kontrollerer og takler ulike sinnsstemninger gjennom musikken.

En mann i 20-årene opplevde det svært vanskelig da headsettet til mp3-spilleren hans var

ødelagt og gjorde det umulig å høre på musikken.

– For han fungerer spilleren som en distraksjon som gjør at han kan kontrollere tankene sine i ønsket retning. Det ble for slitsomt og stressende å ikke kunne få lukket seg inne i sin egen sfære, forteller Skånland.

## Humørkontrollør

Noen forandrer eller forsterker humøret de er i ved å høre på visse typer musikk. De lufter ut aggressjon, roer seg ned eller oppnår et bestemt energinivå. Mp3-spilleren fungerer på den måten som en stemningsregulator. En kvinne fortalte Skånland om et daglig musikkritual:

– På vei til jobb hører hun på musikk med tempo og driv for å få en energisk start på dagen. På vei hjem fra jobben spiller hun røligere rytmor og toner for å klare å roe ned før kvelden, forteller Skånland.

Noen benytter også depressiv musikk når de har en dårlig dag og er nedfor. Skånland forklarer at dette kan være en måte å jobbe seg igjenom vanskelige følelser på.

– Ved å forsterke den negative følelsen ved hjelp av musikk klarer enkelte å reflektere over hvorfor de har nettopp disse følelsene. Det gjør det lettere for dem å løse problemene på den måten, sier hun, og legger til:

– Det handler om å beholde kontrollen. Når den evnen forsvinner, føler de seg bortkomne. De aller fleste sier de føler et sterkt savn når de ikke har med seg mp3-spilleren sin når de forlater hjemmene.

En viss type musikk kan også styrke selvtilliten til mennesker. Ved å lytte til for eksempel toff musikk blir det ofte lettere å rette seg opp i ryggen og være tryggere på omgivelsene, har Skånland funnet ut.



– En ser folk med mp3-spillere overalt. Det forbasurer meg ikke at en av tre bruker dem, sier Marie Strand Skånland.

#### Egentid med musikken

«Det er litt sånn valium-light dette her. Å kunne høre på noe jeg liker og slippe å høre på alt rundt meg. For det er mye bråk og samtalene du egentlig ikke har noe behov for å være en del av.» Denne informantene, en mann på 43, har alltid med seg mp3-spilleren, også når han er ute med barna. Selv om han sjeldent bruker den når barna er med, har han den med i tilfelle sjansen skulle by seg. Skånland forteller at ulik type musikk kan bringe fram ønskede minner, noe ofte de litt eldre mennene ønsker. De kan lytte til musikk fra ungdomstiden og skape gode assosiasjoner på den måten. Musikken gjen-speiler også lytterens identitet.

– Den personlige musikken på mp3-spilleren gir et bilde av lytterens identitet, og vi klarer å opprettholde og forsterke en følelse av hvem vi er. Det er en intim forbindelse mellom lytteren og musikken. Det kan oppleves som en trygghet blandt ukjente mennesker eller i ukjente omgivelser, sier Skånland.

Mens den yngre generasjonen mp3-brukere er opptatt av følelser, verdsettes egentiden høyest av den litt eldre garde.

– De har ofte familie og ansvar hjemme å ta hensyn til. Når de setter seg på buss eller T-bane med musikk på øret er det kun deres tid, der de ikke trenger ta hensyn til verken folk rundt seg eller andres musikksmak. Det viser seg til og med at denne tiden for dem selv er så verdifull at de ikke vil ha kortere reisetid. Man får alene-tid, uten å være ensom, sier Skånland.

#### Enklere med avhengighet

Portabel musikk er ikke et nytt fenomen, så tidlig som i 1957 lanserte Sony Corporation den første lommerradioen, og 24 år senere kom den første private, bærbar musikkspilleren. Skånland mener at det høye antallet brukere av bærbar musikk har økt i takt med ny og bedre teknologi.

– Før var det ikke like enkelt som nå å ta med seg musikken. Med for eksempel walkman og discman kunne man heller ikke ta med seg like store mengder med musikk i lomma, som mp3-spilleren muliggjør, sier Skånland.

Hun er overrasket over hvor entydig positive alle er til bruk av mp3-spiller – også til avhengighetsforholdet de har utviklet.

– Jeg har lagt merke til hvor viktig mp3-spilleren faktisk er. Når jeg spør hvordan det hadde vært uten, svarer de fleste at det bare ikke må skje.

Skånland opplever at mange av informantene får seg en aha-opplevelse i løpet av dybdeintervjuene. De fleste var ikke klar over hvor avhengige de er av spilleren. Skånland synes ikke avhengigheten er problematisk. Hun tror heller ikke overhøring av lyd fra andres mp3-spillere er et utstrakt problem.

– De fleste jeg snakker med er bevisste på at de ikke vil være til bry for andre, og de prøver å unngå å spille for halve trikken. Hver enkeltperson forteller meg at det er positivt for dem og at det å kunne lytte til musikk gjør dagen deres bedre. Dersom det bidrar til bedre egenhelse hos den enkelte, ser jeg ikke noe negativt med det, avslutter Skånland. ■

#### Norges musikkhøgskole

- En kunstfaglig og vitenskapelig høgskole.
- 475 studieplasser innen bachelor- og masterstudier, kunstnerisk stipendprogram og doktorgradsprogrammer.
- Tilbyr høyere musikkutdanning innen instrumenter og sjangere fra klassisk musikk, samtidsmusikk og folkemusikk til jazz/improvisert musikk og eksperimentell musikk.
- Kilde: [www.nmh.no](http://www.nmh.no)

#### Senter for musikk og helse

- For å øke kunnskapen om og forståelsen for sammenhengen mellom musikk og helse gjennom forskning og formilding, ble senteret opprettet i august 2008.
- Ser overordnet på alle områder hvor musikk har betydning for helse.
- For tiden er det to doktorgradsarbeider gående ved senteret, og flere forskningsprosjekt er under planlegging.
- I fjor feiret faget musikkterapi 30 år i Norge.



Hans Nordeng driver parasittundersøkelser på fisk utenfor en campingvogn i Hammerfest. Ektefellen Aase Nordeng er assistent. Dateringen er noe usikker, men Hans Nordeng hadde en rekke feltarbeid langs kysten på 1970-tallet. Fotografen er ukjent.

Universitetshistorisk fotobase ved Universitetet i Oslo har leid ut fotografiet til bruk i Forskerforum.

## 20 NØTTER

- 1) Kva heitte den franske, jødiske offiseren som på 1890-talet urettmessig vart skulda for spionasje?
- 2) Kva fag har statsminister Jens Stoltenberg embetseksamen i?
- 3) Kva er det tyske fjellet Brocken i Harz betre kjend som?
- 4) Kva gjekk den såkalla heimfallsretten, som vart vedteken i 1909, ut på?
- 5) Kva er kevlar?
- 6) Kva for strete mellom Egearhavet og Marmarahavet skal persarkongen Xerxes ha piska med 300 slag då brua hans ikkje heldt?
- 7) På kva felt var amerikanske Amelia Earhart ein pioner på 1920- og 30-talet?
- 8) Kor kjem ein krylling frå?
- 9) Kva skifta avisa Orientering namn til i 1975?
- 10) Kvifor kunne britiske pubbeigarar jubile etter ei avgjerd i EU-kommisjonen i mai 2007?
- 11) Kva for peruanar var generalsekretær i FN frå 1982 til 1991?
- 12) Kven er den siste norske samanlagtmeisteren i eit VM på skøyter?
- 13) Kva tyder det tyske ordet *Bernstein*?
- 14) Kva heitte son til Olav den Heilage som vart konge i Noreg i 1035?
- 15) Kva heiter den kjøtetande planta som ein tidlegare brukte for å lage «tjukkmjølk»?
- 16) Kor går grensa for sjølvbestemt abort etter norsk lov?
- 17) I kva for bok (og film) dukkar HAL 9000 første gong opp?
- 18) Kva for universitet er det eldste i Norden?
- 19) Kva heitte den franske fysikaren som i 1896 oppdagade radioaktiviteten?
- 20) Nemn minst fire av dei åtte britane Bjørge Lillelien ramsa opp i det legendariske utbrotet sitt etter fotballtriumfen over England i 1981.

**2) Kva fag har statsminister Jens Stoltenberg embetseksamen i?**



FOTO: GURI DAHL/REGIERINGEN.NO

- Svar:
- 1) Alfred Dreyfus
  - 2) Samfunnsøkonomi
  - 3) Bløksberg
  - 4) At privatleidde karfiverk tilføll staten etter 60 år
  - 5) Et synetisk tilberstof (kjent for å vere lett og sterkt)
  - 6) Hellsponten (eller Darbanelleane)
  - 7) Fløyting (to kryssa m.a. Alterneren bleine i 1932)
  - 8) Kredssherad i Buskerud
  - 9) Ny Tid
  - 10) Storbritannia slapp å oppgi sine «imperial units», og dermed
  - 11) Javier Pérez de Cuellar
  - 12) Jørgen (Jørgen) Olav Koss (1994)
  - 13) Røy
  - 14) Magnus den gode (Magnus I, Magnus Olavsson)
  - 15) Teatergras
  - 16) Ved utgangen av den tolte svangerkapsveka
  - 17) «2001 – ein romodysse»
  - 18) Universitetet i Uppsala (grunnlagd 1477)
  - 19) Henri Bechler
  - 20) Lord Nelson, Lord Beaverbrook, Winston Churchill, Anthony Eden,

## 10 KJAPPE



HANNA MELLEMSETHER  
Medlem nr. 40061665 i Forskerforbundet.  
STILLING: Forskningsleder ved Trøndelag folkemuseum.

UTDANNING: Doktorgrad i historie fra NTNU.

FØRSTE STILLING: Liv 1: Kontordame på Ranheim papirfabrikk. Liv 2 (etter hovedfag): Undervisnings- og forskningsassistent ved Historisk institutt, NTNU.

KARRIEREMÅL: Å styrke forskning innenfor den nye konsoliderte museumsenheten Museene i Sør-Trøndelag (MiST).

## På jakt etter lysglintene

– Hva jobber du med nå?

– Jeg er prosjektleder for Norsk Døvemuseum i Trondheim, som skal bli et nasjonalt museum for døves historie og kultur. Museet, som åpner i mars, skal belyse normalitet og annerledeshet.

– Hvor tenker du best?

– I alle mellomrommene som ikke kan fylles med noe annet. På vei i bilen eller toget, eller når jeg går mellom møter.

– Hva er den viktigste fagboken i ditt akademiske liv?

Akkurat nå er det *Museums, Prejudice and the Reframing of Difference* av Richard Sandell. Boka utfordrer fordommer og kombinerer det praktiske og teoretiske i museumsarbeid.

– Hva er tabu i ditt fag?

– I etablerte universitetsmiljø er det kanskje å bruke ukjente teoretiske innfallsvinkler. Ellers tror jeg det er samfunnet som påfører forskere tabuer.

– Hva skal til for å bli en god historiker?

– En må ha fantasi til å se nye spørsmål og finne nye svar. En må kunne lese tørre papirer på jakt etter lysglint som forandrer alt.

– Hvem er den beste læreren du har hatt?

– Kari Melby ved det daværende Senter for kvinnesforskning ved NTNU. Hun var en fantastisk lærer i å skrive slik at det gir mening for alle. Jeff Guy, et av de store navnene i sør-africansk historieforskning, var ellers en svært god pedagog.

– Dersom du måtte velge deg et annet fagfelt, hva ville du falt ned på?

– Jeg kunne ha tenkt meg å jobbe med miljø- og klimaforskning.

– Om du var forsknings- og høyere utdanningsminister, hvilket enkelttiltak ville ha vært viktigst for deg å få gjennomført?

– Jeg ville ha sørget for at det fantes forskningsmidler for museumssektoren. Dessuten ville jeg ha utnyttet potensialet i museene som læringsarena.

– Hvor var du EU-avstemningkvelden i 1994?

– Jeg var nok hjemme og arbeidet med hovedfag. Den store EF-kvelden var før øvrig i 1972. Jeg var 13 år, og diskusjonen om EEC og dyrtid gjorde et uutslettelig inntrykk.

– Hva vil du lese mer av i Forskerforum?

– Et kritisk og informativt blikk på det faglige arbeidet ved museene.

# Den profesjonelle undringa

GUD ER DØD, men undringa lever. Slik kan det sjå ut i vinterdebatten om Snásamannen, healing og alternativ medisin. Debatten er relevant for forskarar: Verkar dei alternative metodane? Kan ein etterprøve at dei verkar? Kan ein reproduducere resultata?

Sett frå ståstadens til forskaren, kan debatten gå vidare til ei rekje side- og underdebatistar: Kor går grensa for kva det er teneleg eller mogeleg å forske på? Korleis kan ein best nå ut med forskingsbasert kunnskap til publikum? Skal forskaranejenke seg for å få gjennomslag i almenta? Korleis ha ein sjanse i ein debatt mot ein politikar, som folket ser ut til å like fordi han er ein lykkeleg gjennomsnittsmann (les: helseminister Bjarne Håkon Hanssen)? Kan ikkje det fordømde samfunnet for ein gongs skuld lære noko av forskarane? Vi tek nokre av spørsmåla opp til brei handsaming på side 12–17.

I EIN AV TV-DEBATTANE var helseministeren gjest. Han skulle fortelje om den kolikkplaga sonen, som vart god etter at Hanssen ringde Snásamannen for hjelp.

– Kva var det som hende? spurde debattieiar Viggo Johansen.

– Det veit ikkje eg, men eg kan fortelje historia, sa helseministeren.

Her har vi mannen framfor peisen, og det er berre å krype opp på fanget. Hovudmotstandar var biologiprofessor Kristian Gundersen:

– Du har endra oppfatning etter heilt anekdotisk bevis, etter éi merkeleg oppleving. Folk har merkelege opplevingar kvar dag.

Eg trur ministeren tok innersvingen på professoren.

Ein forskarretorikk som i beste fall er logisk, i verste fall rigid, kan ha tronge vilkår i eit tv-studio. Det gjeld ikkje minst når emnet er så djuptloddande og sárbart for folk som handspåleggigar og sjuke barn. Det er òg noko med kritikken frå Gundersen og våpendragarane hans som ikkje råkar. Ein må skilje mellom viten og tru, seier dei. Men Hanssen gjer ikkje krav på å vite. Han passar på å seie: «Det veit ikkje eg.»

Forskaren hamnar lett i rolla som gledesrepar. Skal ein tolde det, og kan hende vinne fram i det lange løp, eller skal ein justere seg? Eller skal ein, fylt til breidda av integri-

tet, legge fram saka på sin måte, med mogeleg gjennomslag i det neste liv, som ein ikkje ein gong trur på?

Eg trur Elin Ørjasæter har svaret. Ho er tidlegare hovudjeger, no kommentator. I ei spalte på nettstaden E24 skriv ho om Erna Solberg:

– Erna er usedvanlig kunnskapsrik, en god politisk strateg og ikke minst tøff nok for statsministerjobben. Men hun tar ikke dagens mediesamfunn nok på alvor. Hun burde trene med en skuespiller hver bidige dag, trene på å virke varm, sjærmerende, frodig og inkluderende.

Men ein varm, frodig og inkluderande Kristian Gundersen vil eg helst sleppe å sjå på tv.

EI HAR BERRE anekdotiske prov å kome med, men eg trur innslaget av forskarar ein vanleg

NRK-tv-kveld aukar. Eg har likevel ein dose kultur pessimisme å unngå: Korleis er den ideelle forskaren for media? Er det Knut Jørgen Røed Ødegaard, som i rasande fart fortel om solformørking? Er det Helene Uri, som i tv-programmet Landeplage vrir seg i stolen over det låge nivået i ein Sputnik-tekt? Måten programleiarar som Anne Grosvold, Viggo Johansen og Christian Strand møter forskarane på, vil eg oppsummere slik: Gjer dei sôte, gjer dei til maskotar, gjer dei sprø og kloke: *No gjev eg meg ende over. Tenk at slike folk finst!*

Debattvert Viggo Johansen er rota til ein del vondt. Ein tidlegare fyrsteamanuensis ved Idrettshøgskulen, kan hende betre kjend som

landslagstrener, var gjest i programmet hans. Egil Olsen er grei å bruke. Han reknar – på høgst komisk vis – på presentvise sjansar for utfallet av landskamper. Han veit kor høge fjelltoppar er, og var det ikkje noko med kommunisme òg?

Olsen har etter kvart tilsynelatande forstått korleis media vil ha han. Når Drillo seier at det er 46,7 prosent sjanse for at Noreg kjem til

VM, må han smile sjølvironisk med.

Eg veit ikkje om han var motviljug, men han spelte med då Viggo Johansen la fram nokre spelekort på bordet. Han bad Olsen gjette fargen på korta, som ein annan Snásamann. Når Drillo er god i poker, trur eg det har meir med statistikk å gjere enn at han kjenner korta på baksida. Som han sjølv vart sitert i Aftenposten etter at Noreg hadde slått Tyskland i fotball:

– Det har med avstander og vinkler og løpskapasitet og førsteforsvarsjobbing og overgangar å gjøre, og ikke med magi.

MEN KRISTIAN GUNDERSEN var ikkje ferdig enno. I ein ny Viggo Johansen-debatt om alternativ medisin var SV-politikar og lækjar Olav Gunnar Ballo hovudmotstandar. Ballo er òg kommande direktør for Rettmedisinsk institutt. Han har stilt seg open og undrande til eit visstnok utbreidd fenomen i Nord-Noreg: å prøve å stoppe blødinger med hjelp av religiøse vers.

Gundersen var framleis i kampstilling, men så snudde han samtalet slik:

– Eg tykkjer det vert tilspissa når vi heile tida skal skuldast for å ikkje vere opne, ikkje vere undrande. Eg lever av å vere undrande. I likskap med dei andre forskarane her... vi er profesjonelle undrarar.

Denne bruva var kan hende ikkje dum å byggje. Så kan ein diskutere om vendinga var suveren og elegant, eller om det berre var slik Gundersen kunne kome på høgde i eit mediesamfunn som ikkje kan tolke andre enn undrarar. Lat meg her tilføy: Eg veit ikkje korleis Joralf Gjerstad, Snásamannen, stiller seg til undring. Eg veit berre at han trur på Gud.

Uansett likte Ballo bruva Gundersen hadde bygd:

– Det at du tek med deg undringa i studio gjer saka mykje betre.

Dersom eg òg skal tvangsundre meg, vil eg spørje: Var omfemninga eit hakk for varm for Gundersen? For rett etterpå skaut han inn, retta mot Ballo:

– Lat oss ha ein god dialog når du vert direktør, så skal vi drive noko vaksenopplæring med deg, så vert det her bra.

Då smilte forskarfløya i panelet godt.

Omtrent der står saka.



Redaktør  
Kjetil A. Brottveit

Når Drillo seier at det er 46,7 prosent sjanse for at Noreg kjem til VM, må han smile sjølvironisk med.

## LEDER KRONIKK DEBATT BØKER

Send kronikkforslag til [kjetil.brottveit@forskerforum.no](mailto:kjetil.brottveit@forskerforum.no). Kronikkens lengde må ikke overstige 10 000 tegn, inkludert mellomrom. Bidrag som trykkes honoreres med kr. 2.000,- Innlegg må være maksimum 2000 tegn hvis de skal komme på trykk og blir ikke honorert.

# Akademisk korruption

Kor utbreidd er korruption i akademia, til dømes venetilsettingar? Tove Bull og Toril Swan har denne hypotesen: Di meir eksellens-retorikk og usunn konkurranseutsetjing vi opplever i akademia, di større er risikoen for akademisk korruption.

*Transparency International* offentlegger kvart år ein «Corruption Perceptions Index» (CPI) om korruption på verdsbasis. 2008-indeksen bygjer på undersøkingar frå 180 land. Av den går det fram at Norge frå 2007 til 2008 har falle 10 prosentpoeng og ligg bak dei andre nordiske landa og land som Hongkong, Austria, Luxembourg, Canada, Australia, Nederland, Singapore og New Zealand. I ei pressemelding frå Transparency International Norge blir desse urovekkjande resultata forkarte slik:

«Dels skyldes problemet [...] at myndighetene ikke lykkes med å endre strukturelle og kulturelle forhold i privat og offentlig sektor [...], som den manglende åpenheten omkring viktige beslutninger; kameraderiet; de tette båndene mellom selger og innkjøpere i offentlige anskaffelser; den defensive holdningen til offentlig korruption osv.

[...] Det forebyggende arbeidet mot korruption prioriteres ikke høyt nok.

For dårlig kvali-

tet på offentlige ledere, vennskapsansettelser på toppen, og stor grad av aksept av inhabilitet i beslutningane kan forklare at myndighetene nasjonalt og lokalt ikke tar tak i problemet på alvor. Resultatet er tap av tillit til politikere og offentlig ansatte.» (Sitert frå heimesida til Transparency International Norge, transparency.no. Søk på korruptionsranking for å finne artikkelen.)

CPI femnar om både privat og offentleg verksemd. Ei side ved offentleg verksemd som, så vidt vi veit, ikkje er inkludert i indeksen, er

høgare utdanning og forsking. For oss er det ein stor tankekross at det er så lite merksemd i samfunnet rundt det vi vil kalle akademisk korruption. Dette gjeld ikkje berre akademia sjølv, og for den del staten som institusjonseigar, men òg den fjerde statsmakta, massemedia. For akademisk korruption finst, og etter det vi har observert, i omfattande og aukande grad.

Økonomisk korruption er det ikkje mykje rom for på universiteta, i allfall ikkje for dei som sit i vitskaplege stillingar og har fast løn, og som stort sett ikkje forvaltar økonomi direkte. Det kan nok bidra til at dei skandalane som førekjem, verkar mindre skandaløse, så å seie. Det er altså andre verdiar enn dei reint økonomiske som står på spel i akademia, verdiar som etter vårt syn burde vurderast som minst like viktige å respektere og verne om som pengar og kapital. Vitskapleg personale forvaltar stor makt på andre område enn område der måleeininga er kroner og øre, makt som kan misbrukast og som blir misbrukt. Mellom anna gjev det fagfellevurderingssystemet som universiteta er heilt avhengig av, og som er i bruk ved tilsetting i vitskaplege stillingar, ved tildeling av stipend, forskingsmidlar og så bortetter, ikkje lite rom for manipulering og seleksjon og forfalsking av opplysningar. Det er her potensiålet for korruption ligg i vårt system, slik vi ser det. Vi som forvaltar dette systemet, kan dele ut gode til våre protesjar, og hindre andre i å få sin rettmessige del av goda. Slikte meiner vi fortener å bli kalla korruption.

At det ofte førekjem faglege maktkamper i samband med til dømes tilsetjingar og tildeling

er ukultur, eller kameraderi. Om det fortener å bli kalla korruption, er dels eit spørsmål om definisjon, dels eit spørsmål om kor langt ein komitémedlem eller ein heil komité går i kampen for «sine» interesser.

Den forma for akademisk korruption som har hatt ei viss offentleg merksemd, er forskingsjuks, i form av forfalsking av forskingsdata, plagiat eller liknande. Vi les no ofta om studentar som blir tatt i juks, og mykje tyder på at slike blir slått hardare ned på enn tidlegare, kanskje særleg fordi internettet representerer ei form for freisting til plagiat som mange studentar ikkje klarer å motstå. Vi er likevel ikkje overtydde om at viljen til å slå ned på juks blant vitskapleg tilsette er like stor som viljen til å arrestere studentar for det same.

Eit døme på forskingsjuks som blei slått stort opp i media, er den såkalla Sudbø-saka. Etter at Sudbø-saka var avslørt, oppstod det diskusjon om samforfattarskap av vitskaplege artiklar, noko som er vanleg først og fremst i medisin og naturvitenskap. Bakgrunnen for diskusjonen var at ingen av Sudbos medforfattarar hadde lese dei aktuelle arbeida skikkeleg. Dei hadde etter det dei sa, ikkje skjønt at dei var med på forfalsking av forsking. Dei hadde berre bidratt med sitt eller vore medforfattarar av andre grunnar (!). Dette er stikk i strid med dei reglane som gjeld og som er nedfelt i den såkalla Vancouver-konvensjonen. Diskusjonen etter Sudbø-saka førte til – ingenting. Forskingsmiljøa sa at så lenge Vancouver-konvensjonen blir følgt, er det ikkje noko problem. Da er alt greitt. Men det var

## Bevisbøra ligg på varslarane, og den børa er tung.

av forskingsmidlar, er noko alle veit. Komité-medlemmar kjempar for sin forskingsdisiplin, for sine kandidatar, eller jamvel for venner, også i tilfelle der andre kandidatar eller søkjrar har betre eller meir relevante kvalifikasjoner. Dette

jo nettopp det som var poenget, reglane var ikkje følgde. Kor var dei kritiske og oppsøkjande journalistane i denne samanhengen? Er det nokon grunn til å tru at det berre er medforfattarane til Sudbø som har vore medforfattarar på tynt eller



Av Tove Bull og  
Toril Swan. Begge er  
professorer ved Institutt  
for språkvitenskap,  
Universitetet i Tromsø.



uetisk grunnlag? Trur nokon at det er mindre av slikt no enn da Sudbø-saka blei avslørt?

Eit anna døme på muleg forskingsjuks kunne vi lese om i *Mandag Morgen* frå 10.11.2008, under overskrifta «Frykt for ny ‘Sudbø-skandale’». Her blir det referert til ein doktorgrad i medisin frå Universitetet i Tromsø, som er underkasta forskingsetisk søkjelys. Kva som vidare har skjedd i denne saka, har det vore stilt om.

Det er berre unntaksvise at brot på forskingsetiske retningsliner kjem fram i offentlegheita. Eit slikt unntak finn vi i den svenske avis *Dagens Nyheter* frå 2. november 2008. I ein stort oppslått artikkel med tittelen «Nepotism avgör karriär på Karolinska institutet» blir Karolinska institutet skulda for grovt å setje dei beste søkerane til side til fordel for «eigne» kandidatar ved tilsetting i vitskaplege stillingar. Det blir hevda at ved fleire tilsettingar har det ikkje vore dei vitskaplege merittane som har avgjort resultatet, men utanomfaglege forhold. Ei rekke konkrete eksemplar blir nemnde.

Denne artikkelen i *Dagens Nyheter* er interessant av fleire grunner. Ein er at det er mest utenkjøleg at ein slik artikkel kunne stått i ei norsk avis. Ei forklaring på at slikt kjem på trykk i Sverige, kan i dette tilfellet vere at Karolinska institutet framfor nokon er forskingsflaggskipet i Sverige, som landet med rette er svært stolt av. Fagleg innavl som KI blir skulda for, er elles eit svært utbreidd fenomen på dei fleste universitet og høgskolar. Dette er iallfall noko som blir hevda, utan at vi kjenner til at nokon har undersøkt det nærmare på forskningsbasis. Det burde vere i alles interesse at ei slik undersøking blir gjennomført.

Vi som skriv denne artikkelen, har eit langt akademisk liv bak oss. Vår hypotese er at di meir eksellens-retorikk og usunn konkurransesutsetjing vi opplever i akademia, di større er risikoene for akademisk korruption. Som andre hypotesar må også denne underkastast nøyare granskings. Utan at vi kan støtte oss på noka systematisk gransking, meiner vi likevel å sjå klare tendenser til slik uehdig utvikling i vårt eige akademiske miljø. Det som verre er, er at det ser ut til at det kan løne seg å bevege seg på kanten

av forskingsetikken. Vi kan i den samanhengen nemne at statsråd Aasland vil gjøre det straffbart å fikse på cv-en og at ho skal ha lagt fram

konvensjonar om korruption frå 1999 og FNs konvensjon om korruption frå 2003). Desse tar opp ei rekke døme på korruption, inkludert

## Komitémedlemmar kjempar for sin forskingsdisiplin, for sine kandidatar, eller jamvel for venner.

ein lovforslag om dette.

Dei som sit i universitetsleininga, har sjølv sagt eit primæransvar når det blir kjent at det er mistanke om juks ved eigen institusjon. Dei har ansvar for at saker som dukkar opp, blir undersøkte grundig, at dei «mistenkte» får rett behandling og at dei som tar opp sakene, ikke risikerer mobbing, som jo ofte blir varslarar til del. Men kva når universitetsleininga også sviktar? Kven skal dei som oppdagar akademisk korruption, da gå til?

I slike saker som vi har søkerøyset på her, vil det alltid vere vanskeleg å finne god dokumentasjon. Korruption handlar jo om å løyne dei faktiske forholda. Å skilje mellom meir eller mindre lause rykte og fakta er aldri lett. Det seier seg sjølv at dei som tar opp slike saker, altså vel å stå fram som varsalarar, må vise varsemd og undersøkje sakene så langt det lar seg gjøre. Å dokumentere korruption kan altså vere svært krevjande. På den andre sida vil det vere urett å sjå bort frå indisium i alle tilfelle. Det hender faktisk at rykte og sladder byggjer på fakta, eller i det minste har eit faktisk grunnlag. Når det er tilfellet, og om det da dreier seg om reell korruption, så handlar det om kriminell åtferd. Dei som er ute i slike ærend, har sjølv sagt all interesse av å halde ærendet sitt løynt. Bevisbøra ligg på varsalarane, og den børa er tung, både fordi det kan vere vanskeleg å komme til rette med dokumentasjon og fordi varsling i seg sjølv er belastande.

Norge har ratifisert ei rekke konvensjonar om antikorruption (OECDs konvensjon om tiltak mot muting frå 1997, to Europaråds-

nepotisme og favorisering i samband med tilsettjing og forfremjing i stillingar i offentleg sektor. Innhaldet i desse konvensjonane burde vere barnelærdom for alle oss som med jamne mellomrom sit i sakkunnige komitear, der resultatet av komitéarbeidet kan ha livsbestemmande konsekvensar for dei som blir vurderte. At kjennskapen til denne lovgjevinga er manglavare på universiteta, treng vi knapt nemne.

På alle universitet finst det forskingsetiske komitear, og i NFR-systemet er det tre slike komitear i verksemd. NFR har dessutan svært strenge habilitetsreglar. Dette er sikkert vel meint. Men så langt vi har erfart, har desse formelle ordningane i liten grad kunna hindre dei aukande korruptionstendensane vi meiner å vere vitne til. Sant å seie ser det ut til at universiteta ikkje er i stand til å vakte seg sjølv aleine. Dersom institusjonsleiarane og -eigarane, og jamvel massemedia, held fram med å vere berre lunke halwinteresserte, ja, faktisk fiendtleg innstilte til kritikken av desse tendensane, som vi har sett døme på, og dersom det er varsalarane som må ta støyten når det dukkar opp ei skiten sak, er vi nokså sikre på at vi vil komme til å sjå ei utvikling i stadig styggare retning. Og da vil dei som ønskjer å slåss mot slike tendenser, også erfare at det er lurare å halde kjeft enn å varsle om brota. Slik varsling rammar likevel berre varsalarane.

# Ved språkets grense

Også møte med fagbøker – fylte av komprimerte innsikter formulert med språkleg presisjon og varsemd – kan opplevast som fylt tid.


Estetikk omhandlar sanselege erfaringar, som møtet med Nils Aas sitt skulpturelle uttrykk for månaden denne teksten vert til i – februar: ein skiløpar, kvilande på stavane sine, i eit stort, stille landskap. Estetikk omhandlar ofte noko useieleg, som vi ikkje har ord for og som ikkje kan omgripast språkleg. Estetikken som teori og analytisk praksis derimot, er fanga i språket.

Nokre kunstartar er rett nok språkkunst, som dramatiseringa av Tor Ulvens tekstar, tekstar som omhandlar dette fangenskapet. Men estetikk som språkleg tolking av språkleg tolking, er likevel annleis enn i mange andre empiriske disiplinar. Sosiologien, som har det kvardealslege drama som studieobjekt, treng ikkje ta stilting til kvaliteten på manus, regi eller rollespel. Estetikken derimot, er prega av kvalitetsvurderingar: Er dette godt drama? Ein stor konsert? Kvifor? Og desse kriteria er omstridde, flytande og i endring.

For meg, som står utanfor estetikken som analytisk og teoretisk felt, ser han ut til å vere prega av uklare grenser for kva studieobjektet er, uklare kvalitetskrityum og manglande konsensus om kva som er adekvate teoriar og rimelege tolkingar. Kort sagt: Estetikk må vere eit krevjande emne for ei innføringsbok.

Korleis løysar så Kjersti Bale desse utfordringane? Ho sirklar inn kunstfeltet via estetikk som sansing (Baumgarten) og dømmemakt (Kant), estetikk som historisk forankra (Hegel) og som kunsterfaring gjennom at publikum aktivt er medskaparar av kunsten (Gadamer). Ho drøftar slike spørsmål som ulike forståingar av representasjon og dermed av kunst hos Platon og Aristoteles, utskiljinga av det Skjønne, det Gode og det Sanne som ulike sfærar, radikalisert i forståinga av det heslige (Baudelaire) og det avskylege som del av kunsten (Kristeva). Ho drøftar påstan den om universelle kriterium for

smak (Kant) og den sosiologiske kritikken av denne (Bourdieu), og det sublime sjokket, den skakande og oppløftande kunstopplevinga. Ho tek opp kunsten som meining, presentert gjennom hermeneutikk, ontologi, semiotikk og fenomenologi, før ho tek opp



nye former for meiningsbrot som i dadaismen og surrealismen. Framstillinga er i store drag fiktiva og informativ.

Kriteriet for val av teoretikrar og emne vert ikkje formulerat eksplisitt. Ein måte å forstå utvallet på er at det er kanonisk. Bale har valt ut dei teoriane, tema og kunstverka som har tålt tiår og hundreår med tilgrensande debattar og emne. Kanskje er det eit paradox innanfor dette feltet. Kanonisering synes omstridd, men ved nærmare ettersyn er dette *de facto* det kriteriet dei nyttar?

Eg har lenge hatt inntrykk av at studentar i humanistiske fag møter norske lærebøker av ein annan kvalitet enn i samfunnsfaga, som er dominert av ein byråkratisk prosa. Bale svekker ikkje dette inntrykket. Ho har skrive ei bok av høgare litterær kvalitet enn det meste eg har lese av norsk sakprosa dei siste åra.

Når Bale skildrar ein bestemt teoretisk posisjon, er teksten tett nok opp til objektet til at teorien

sin eigenart kjem fram, samstundes som forfattarinna si stemme er ein sjølvstendig grunntone gjennom boka. Referansar til bilete, filmar, musikk, arkitektur og poesi er gjennomgående i teksten. Slike referansar, som til filmene *Kill Bill* og *Blå*, skapar eit assosiativt rom for lesaren, han vekker til live dei estetiske erfaringane han viser til. Samstundes treng ein ikkje kjenne til alle referansane frå før. Bale skildrar filmar, siterer poesi, har lagt ved bilete som illustrasjonar. Og det er eit lerd verk, ei reise gjennom tusenår med ulike kunstnarlege uttrykk, fram til dagens populærkultur.

Denne omfattande bruken av estetiske referansar er gjennomført på ein måte som søker å overskride at estetisk teori viser til fenomen som ikkje kan gjengjenvært språkleg. Han skaper ein tekst med mange lag; kunstverka, teoriane om kunstverka og Bales overgripande skildring av begge. Samstundes gjer det at teksten viser utover seg sjølv, han er ikkje prega av lukka teoretisering, men opnar seg mot dei studerte objekta. Slik liknar Bales bok ei anna bok eg tilfeldigvis har lese parallelt med denne, Lagercrantz' *Fra Helvetet til Paradiset*. Men der Lagercrantz er mindre teoretisk, gjer han – for meg – språkets grenser meir nærverande og urovekkande enn det eg finn i Bale si bok.


Bale refererer ein stad i boka til Gadamers utsegner om at tid i møte med kunstverk vert erfart som fylt tid, ei tid som ikkje vert målt, men som vi erfarer som rytmie eller tonalitet. Også møte med fagbøker, fylte av komprimerte innsikter formulert med språkleg presisjon og varsemd, kan opplevast som fylt tid. I lange passasjar opplevde eg denne boka slik. Boka er høgst leseverdig, også for akademikarar utanfor feltet, som kjelde til innsikt i eit felt og i ei presentasjonsform.

AV ODDGEIR OSLAND

## Idéhistoria som hypertekst

Paola de Cuzzani og Gro Rørstadbotten  
*Tidslinjer. Ideenes historie fra Homer til Aasen*  
Spartacus, 2009  
320 sider  
Veil. pris: 449,-

Idéhistoria er no tilgjengeleg som hypertekst. *Tidslinjer* vert teikna med synkronre snitt gjennom utvalde saksområde til ei viss historisk tid (som den franske revolusjonen). Samtidig kan boka lesast



som ei diakron utviklingslinje frå Homer og etableringa av greske bystatar rundt 800 f.Kr. til George Orwells *Animal Farm* og avrettinga av Vidkun Quisling i 1945.

Det er meininga at brukaren skal kryssjekka og forflytt seg ut ifrå periodar og saksområde, og slik sett er boka ein hypertekst på papir. Dei valde saksområda er filosofi; litteratur; kunst, arkitektur og musikk, vitskap og teknologi, og politikk og samfunn.

Eg er spesielt interessert i den franske revolusjonen for tida, og lurer på kva boka kan fortelja om perioden rundt 1789. Eg les nøyde gjennom oppføringane frå den aktuelle perioden. I 1787 blir USAs grunnlov vedtatt ved kongressen i Philadelphia, og Mozart lagar *Don Giovanni*. I 1789 vert George Washington unionens første president, William Blake gjev ut *Songs of Innocence*, og Bastille vert storma. I 1793 blir Ludvig den 16. henrettet, avkristninga av Frankrike set inn, og kjente namn som Kant, Bellman, Coleridge, Goethe, Beethoven, Malthus, Laplace og Napoleon var i full swing.

Sjølv om det er interessant å merka seg slike samanfall i tid, vert det aldri forklart kva som er interessant med samanfallet. Alt blir forklart i seg sjølv, og ikkje med kopling til noko anna. Dette er litt forvirrande i ei bok som tilsynelatande handlar om samanhengen mellom ting.

Det er lite informasjon i sjølve tidslinjedelen av boka, men for å utfylla historia er det laga ei ordliste bakarst i boka, og alle oppføringane er markerte med asterisk i tidslinja. Då kan brukaren slå opp

i ordlista for å finna ut meir, men dette krev mykje fram-og-tilbakeblading i boka, og det er såpass slitsamt at mange neppe vil gjera det. Det kunne vore like greitt å putte all informasjonen inn i tidslinja.

Forfattarane lagar heller ikkje koplingar mellom oppføringane i ordlista bak i boka, for eksempel er det inga kopling frå Kant til den franske revolusjonen eller til Beethoven.

Boka er i stort format med harde permar, og minnar om ei coffee-table-bok. Det er svært mykje luft på sidene, og ofte er heile kolonner tomme fordi det var lite å skriva i ein kategori og mykje i ein annan. Tidslinjene går vertikalt framover mot vår tid, ved at tidsaksen går nedover i boka og ikkje frå venstre mot høgre. Men det er ikkje ei teikna tidslinje med inndelingar på, og heller ingen teikningar, fotografi, etc., som hjelper til å peika ut tidslinja på ein pedagogisk måte. Kva er eigentleg poenget med eit slikt stort format då?

Forfattarane og forlaget skal ha kreditt for å prøva seg på ein original måte å driva med forskingsformidling på. Dei gjer idéhistoria tilgjengeleg på ein måte som liknar på hypertext, og så sant du er verkeleg nysgjerrig på idéhistoria, kan du få rikt utbyte av *Tidslinjer*.

AV LARS NYRE

## Kulturforståelse i karikatur-tegningenes tid

Arild Engelsen Ruud

*Langvekkistan. Grunnlagsproblemer for studiet av asiatiske og afrikanske samfunn*

Unipub, 2009

151 sider.

Veil. Pris: 249,-

Med globaliseringen, forstått som en prosess som never verden tetter sammen, har Langvekkistan rykket oss nærmere inn på livet. Jeg



snakker ikke om boken, men det at fjerntliggende land og kulturer av ulike grunner ikke lenger føles fullt så fjerne og fremmede. Ifølge forfatteren av boken *Langvekkistan* er vi likevel ikke nærmere noen dypere forståelse av andre kulturer. Vi bare liker å tro det.

Som undertittelen tilsier, handlar boken om grunnlagsproblemer innan studiet av asiatiske og afrikanske samfunn. Her signaliseres at dette er forfatterens primære fag, men tittelen er i overkant snever: Det eigentlige temaet er muligheten for interkulturell forståelse. Altå er boken høyst relevant, ikke

bare for andre områdestudier, men òg for historikere, statsvitre og journalister – ja, især journalister.

Arild Engelsen Ruud tar utspringspunkt i en debatt mellom utenriksjournalisten Tomm Kristiansen og den frittalende professoren Terje Tvedt. Førstnevnte hevder å ha «vært en lytter, seer og observatør, men aldri objektiv». Sistnevnte mener at Kristiansens reportasjer kun er en kilde til å studere vestlige fortolkningsrammer, og ikke en kilde til kunnskap om afrikanske samfunn.

Engelsen Ruud tar den gylne middelvei: Å se er å fortolke, og ingen evner fullstendig å sette sin bakgrunn i parentes. «Men det blir feil dersom vi mener at historien utelukker oss fra fortolkning, deltakelse og forståelse.» Standpunktet kan utdypes med følgende setning, som må forstås som en programerklæring for boken:

«Målsettingen vår er å fremdryke evnen til å reflektere i skrift og handling over avstanden mellom 'vi' som observerer og fortolker, og 'dem' vi observerer ...»

Med dette brede målet for øye går Engelsen Ruud gjennom fagets historie, med kritisk blikk på begreper som orientalisme, kulturrelativism og postkolonialisme. I den forbindelse drøfter han blant annet «karikaturstripen» og mer allment konflikten

mellan islamske og vestlige land. Engelsen Ruud tegner et forenklet og derfor noe misvisende bilde av denne debatten. Ellers er han analytisk forbilledlig. Og han har utvilsomt rett i sitt hovedpoeng: Vestlige forestillinger om Midtosten, Afrika og Asia bærer ofte preg av «ny-orientalisme».

*Langvekkistan* er ingen tykk bok. Én forklaring er at professoren i Sør-Asiastudier serverer en fortsettet oversikt, i en enkel orddrakt. Dessuten skriver han radikalt i ordets opphavelige forstand: Han går til begrepene røtter. En mindre flatterende forklaring er at Engelsen Ruud er litt for effektiv i fremstillingen; resultatet er at han ikke sier så mye nytt, for eksempel om journalisters (skrinne) kulturforståelse.

Dette forandrer imidlertid ikke det faktum at boken burde være glimrende som introduksjon til feltet kulturstudier. For øvrig er boken åpenbart myntet på studenter, men kan avgjort leses av alle med interesse for emnet.

AV STEINGRÍMUR NJÁLSSON

## Kort fortalt

Karen Christensen og  
Liv Johanne Syltevik (red.)  
*Kvinners arbeid*  
Unipub, 2009  
293 sider  
Veil. pris: 348,-

Hva er arbeid, og hva hender når man synliggjør kjønn i forhold til arbeids- og familiepolitikk? spør forfatterne. Boken utfordrer tanken om arbeid som noe lønnet og formalisert, skilt fra den personlige sfæren og familien. Utgitt i anledning Kari Wærness' 70-årsdag. Redaktørene er førsteamanuenser ved Sosiologisk institutt, Universitetet i Bergen.

Johan Christensen,  
Bjørn Richard Nuland og  
Bent Sofus Tranøy (red.)  
*Hjernen er alene. Institusjonalisering, kvalitet og relevans i norsk velferdsforskning*  
Universitetsforlaget, 2009  
280 sider  
Veil. pris: 299,-

Norge bruker mer penger enn de fleste land på å forske på egen velferdsproduksjon, hevder forfatterne. Men hvorfor forskes det så mye, og hvilken rolle spiller forskningen? Nuland og Tranøy er forskere og Christensen er forskningsassistent ved Fafo.

Svein Kyvik  
*The dynamics of change in higher education: Expansion and contraction in an organisational field*  
Springer, 2009  
225 sider  
Veil. pris: 858,-

Boken analyserer prosesser som har formet høyskolesektoren; fra opprettelsen av mange små og spesialiserte profesjonsskoler via sammenslåing til statlige høyskoler og til dagens tilnærming til universitetssektoren. Målet for forskere, studenter, politikere og ledere i UH-sektoren. Kyvik er forsker ved Nifu Step.

Jan Ketil Rød  
*Verktøy for å beskrive verden. Statistikk, kart og bilder*  
Tapir Forlag, 2009  
196 sider  
Veil. pris: 345,-

En innføringsbok i statistikk og geografiske informasjonssystemer (GIS). Her gjennomgås ideene og metodikken som ligger bak disse systemene. Målet er å gjøre GIS mer gjenkjennelig og relevant for en videre sektor av fagmiljøene som organiserer og former våre omgivelser. Rød er førsteamanuensis ved Geografisk institutt, NTNU.

# Vil Norge bidra til verdens infrastruktur?

**FRI TILGANG:** Som internasjonal akademisk forlegger bosatt i Norge har jeg fulgt den norske debatten rundt open access med interesse. I løpet av min karriere har jeg selv vært forsker, for senere å jobbe for et av verdens største kommersielle forlag. I dag er jeg enn av gründerne bak Co-Action Publishing, Skandinavias første open accessforlag og en av initiativtakerne bak Open Access Scholarly Publishers Association (OASPA). Jeg er for tiden også styremedlem i Lund universitetsbibliotek, som blant annet har utviklet den Directory of Open Access Journals (DOAJ).

I Norge har debatten rundt open access ofte tatt utgangspunkt – og i blant stanset – i det mange bibliotekarer opplever som skyhøye priser på tradisjonelle abonnementer eller lisensbaserte tidsskrifter; den såkalte «serials crisis». Denne tråden i debatten er viktig, men når argumentene for open access hovedsakelig fremstilles ut fra denne synsvinkelen, fremstår open access bare som en mer eller mindre god løsning på et økonomisk problem. Det blir dermed lett for de som er kritiske til open access å argumentere mot denne «gode løsningen». For selv om det finnes gode holdepunkter for at open access blir billigere en gang i fremtiden, er det klart for alle at det vil koste mer (på samfunnsnivå) i en overgangsperiode på grunn av dobbeltbetaling i form av abonnement for noen tidsskrifter og «article processing charges» (publiseringavgifter) for andre. I

kjølvannet av dette tar open access-tilhengere ofte frem et annet argument om økonomisk rettferdighet, og poengterer at forskningsresultater allerede er betalt med skatetebetalernes penger. Det er derfor riktig at de er fritt tilgjengelige for alle (ikke minst skatetebalerne). Argumentene på begge sider i debatten fokuserer på selve tilgangen til materialet og kostnader knyttet til tilgangen.

Denne debatten er det vanskelig for de fleste forskere å engasjere seg i, blant annet fordi det slett ikke er lett å se «what's in it for me». Å kreve, for eksempel, at forskerne skal publisere sitt arbeid i open access-tidsskrifter eller institusjonelle arkiver, kan lett oppfattes som om man blir påtvunget noe ovenfra, mens en annen instans høster gevinsten. Å «frigi kunnskap» i dette perspektivet er ikke noe som gjøres på vegne av forskerne, men noe som blir gjort mot dem – frigivelsen blir en krenkelse av deres akademiske frihet. (Dette er en påstand vi ofte får høre.)

Jeg vil argumentere for å utvide argumentasjonen. Open access er mye mer enn en mulig løsning på et økonomisk problem og mye mer enn selve tilgangen til materialet. Open access muliggjør en forskningsfremtid som vi bare så vidt har begynt å drømme om.

